

# Maibridge breier om seg

Rubbestadneset Bridgeklubb sitt årvisse Maibridge får stadig fleire deltakarar. Torsdagens vennlege kappestrid gjekk føre seg mellom 40 par, og mange hadde reist langt for å få bli med på arrangementet.

Bri: Frank G. Stenersen

Etter ein lang Kristi Himmelfartsdag med timar med kortspel i Siggjosalen, var det Tove Haugen frå Haugesund og Roger Træt frå Stord som kunne komme fram og bli heidra som årets suverene vinnarar under Maibridge-tevlinga.

Trond Are Nitter i Rubbestadneset Bridgeklubb seier arrangementet har blitt ein viktig tradisjon for klubben.

– Me har invitert til Maibridge i ei årrekkje no, og årets oppslutning reknar eg med å vera den beste nokosinne. 40 par var med så dette

må me seie oss nøgd med, seier den ivrige kortspelaren.

Nivået blant spelarane var det heller ikkje noko å seie på. Fire av dei som sette seg til bordet spelar i førstedivisjon.

## Høg trivselsfaktor

Nitter trur grunnen til at så mange tek turen til Bømlo er den gode stemninga under tevlinga.

– Folk trivst og har det kjekt, samstundes som me har opparbeida oss eit godt rykte over fleire år. Me har mange faste deltakarar som kjem attende år etter år, noko me set stor pris på, seier Nitter.

I år hadde bridgespelarar mellom anna frå Osterøy, Austevoll, Kvinnherad, Bergen, Haugesund, Kolbotn, Florø og Sarpsborg tatt turen over bruene til øyriket Bømlo.

For medan bridgeklubbar over det ganske land slit med å rekruttere fleire til bordet, skortar det ikkje med deltakarar her på øya.

– Me er om lag 40 medlemmer på Rubbestadneset no, og har klubbkveldar på Bømlo Hotell kvar måndag. Eg opplever at det er eit stort engasjement i klubben, så det lovar godt for framtida òg, meiner Nitter.

## Kurs til hausten

– Kva gjer Bridge så spennande for deg?

– Det er fleire ting. Bridge er eit omfattande spel der erfaring nok spelar ei stor rolle. Logikk, psykologi, å kunne nytte det motstandaren har meldt og ikkje, i tillegg til konkurransemomentet gjer dette interessant. Samstundes er det eit spel som berre blir meir spennande og utfordrande dess flinkare ein blir, fortel han.

Det er i dag kring 10.000 medlemmer i bridgeklubbar her til lands, og til hausten håpar ein på enno fleire deltakarar her på Bømlo.

– Då skipar me til eit kurs i bridge på Rubbestadneset, og



Trond Are Nitter (til venstre) kunne gratulera Tove Haugen frå Haugesund og Roger Træt frå Stord med sigeren etter årets Maibridge på Rubbestadneset.

håper sjølvsagt på stor deltaking, smiler Nitter.

Mens Tove Haugen og Roger Træt altså kunne titulere seg som vinnarar av årets Maibridge, hadde Kai Morten Heggøy og Amund Utne

frå Kvinnherad samla seg nok poeng til ein andre plass. Frode Tveito frå Ullensvang BK og Finn Fyllingslid frå Bergen Akademiske BK kom på tredje plass.